



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Justiskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/3683-3

29. april 2022

Representantforslag 167 S (2021-2022) om betre personvern på sosiale medium

Eg viser til representantforslag 167 S (2021-2022) om betre personvern på sosiale medium. Saka er sendt over frå Justis- og beredskapsdepartementet til meg, fordi forslaga i hovudsak fell inn under mine ansvarsområde.

Innleiingsvis vil eg seie at eg synest fleire av forslaga peiker på gode poeng, og eg er einig i at det er eit viktig spørsmål om vi bør stille strengare krav til dei store teknologiplattformene og til personvern på sosiale medium, og i så fall korleis dette bør gjerast. Regjeringa har i Hurdalsplattforma stadfesta at vi vil vurdere krav om datadeling frå private selskap og beskytte innbyggjarane mot digital overvaking og påverknad. Vi vil òg utarbeide ein nasjonal strategi og rettleiing for personvern og digitalt privatliv.

Forslaga omhandlar problemstillingar som konsekvens av at personopplysningar blir transporterte over landegrensar og blir behandla av selskap som ikkje har kontor i Noreg. Fleire av desse problemstillingane må derfor også takast tak i gjennom europeisk og internasjonalt samarbeid. Vidare vil eg peike på at konsekvensar for personvernet ved bruk av sosiale medium, ligg inne i Personvernkommisjonen sitt mandat. Eg meiner derfor at vi bør vente på rapporten frå kommisjonen før vi tek stilling til vidare personvernarbeid på dei områda forslagsstillarane omtaler, inkludert moglege tiltak eller ytterlegare utgreingar.

Forslagsstillarane ber regjeringa greie ut eit forbod mot overvakingbasert marknadsføring. Det går for tida føre seg eit større arbeid i EU når det gjeld regulering av digitale tenester. I november 2020 la Europakommisjonen fram to lovforslag: eit om regulering av digitale tenester (Digital Services Act, DSA) og eit om regulering av digitale marknader (Digital Markets Act, DMA). I DSA blir det blant anna foreslått å regulere åtferdsbasert

marknadsføring ved å krevje høgare standard for transparens for store plattformer, slik at brukarane mottek informasjon om kjeldene til annonsane dei får.

Barn og unge er særleg sårbare for påverknad gjennom reklame, og åtferdsbasert marknadsføring rammar denne gruppa spesielt. Regjeringa sendte 28. februar i år Noreg sine synspunkt til EU med anbefaling om eit forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge i den nye reguleringa av digitale tenester (DSA).

Europaparlamentet og Rådet blei 23. april politisk samde om forordninga om digitale tenester. Det blei politisk semje om at DSA skal gjere det ulovleg å nytte målretta reklame mot mindreårige. Det vil òg gjennom DSA bli forbode å målrette annonser basert på informasjon om religion, seksuelle preferansar, helseinformasjon og politisk overtyding. Regelverket vil òg redusere bruk av såkalla «dark patterns» – det vil seie manipulerande design som kan lure folk til å samtykke til noko dei egentleg ikkje vil ha.

Vidare er innsamling og behandling av personopplysningar om forbrukarar, og særleg barn og unge, sin bruk av digitale løysingar og sosiale medium, sentralt i mandatet til Personvernkommissjonen. Overvakingsbasert marknadsføring er dermed eit spørsmål som allereie blir vurdert, både nasjonalt og i Europa. Eg meiner derfor at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiingar av dette spørsmålet no, og at det er mest formålstenleg å vente på dei arbeida som går føre seg før vi vurderer vegen vidare.

Representantane viser vidare i sitt forslag til at personvernerklæringar i liten grad er standardiserte, og at dei kan vere kompliserte og lange. Dei foreslår derfor at vi skal stille strengare krav til personvernerklæringane som blir brukte i Noreg. Eg sluttar meg til vurderinga til representantane om at personvernerklæringar kan miste si funksjon når innbyggjarane ikkje kan forstå dei. Forbrukerrådet har òg i ein rapport frå 2016 funne at ein gjennomsnittleg forbrukar må forhalde seg til meir enn 250 000 ord med vilkår i ulike appar. Det synest eg er mykje. Vi bør derfor vurdere om personvernerklæringane kan få ein enklare og betre form innanfor handlingsrommet som personvernforordninga gjev. Eg er til dømes kjend med at dei i Italia har hatt ein konkurranse om design av ikon for å lette forståinga for brukarane. Som nemnd innleiingsvis, er likevel personvern ved bruk av sosiale medium noko som Personvernkommissjon i sitt mandat er bedd om å sjå på. Kommisjonen skal blant anna kartlegge den reelle moglegheita forbrukarane har til å ta vare på sitt eige personvern når dei bruker digitale løysingar og tenester. Eg ønsker derfor ikkje å sette i gang ytterlegare utgreiingar eller tiltak no, men meiner vi er best tente med å vente på kommisjonen sin rapport og forslag.

I Noreg har vi ei rekke dyktige tilsyn og ombod som skal passe på regelverket på dei respektive områda sine. Dette gjeld òg når det er teknologi inne i biletet. Derfor slår den nasjonale strategien for kunstig intelligens fast at dei ulike tilsyna òg skal føre tilsyn med løysingar som bruker kunstig intelligens – på sitt område. Regjeringa meiner kunstig intelligens kjem til å bli så utbreidd at det ikkje vil vere formålstenleg å ha eit eige algoritmetilsyn som kan dekke alle fagområde og sektorar. For å kunne vurdere om ei

løysing fungerer etter hensikta, må ein beherske det domenet ein skal kontrollere - anten det er helse, personvern eller likestilling og diskriminering. Å forstå og kontrollere løysingar som bruker kunstig intelligens, bør derfor vere ein integrert del av sektortilsynet.

Representantane foreslår at regjeringa skal innføre eit forbod mot at dei store teknologiselskapa favoriserer egne produkt. I DMA blir det foreslått å innføre eit forbod mot favorisering av egne produkt. I DMA, som rettar seg mot dei store tek-gigantane som fungerer som såkalla portvaktarar, blir det innført eit forbod mot sjølvpreferansepraksis. Ein portvaktar får dermed ikkje lov til å gi egne produkt og tenester forrang på plattformene sine.

Vidare foreslår representantane at det blir innført ein rett til å bruke digitale tenester utan å måtte godta at data blir delte på tvers. Dei nye reglene i DMA inneber òg at det blir innført eit forbod mot å sette saman personopplysningar, eller data, på tvers av ulike tenester eller plattformer med mindre du som brukar gir eksplisitt løyve til å gjere det. Selskap som Google, Meta, Microsoft og Apple vil ikkje lenger kunne sette saman data om deg frå ulike tenester og plattformer for å danne seg eit betre bilete av deg som brukar.

Europaparlamentet og Rådet oppnådde nyleg einigheit om forslag til DMA. Forordninga skal formelt godkjennast, og tek til å gjelde seks månader etter at ho trer i kraft. DSA og DMA er EØS-relevante og aktuelle for innlemming i EØS-avtalen. Noreg har ennå ikkje tatt stilling til om rettsaktene er akseptable. Etersom det her er snakk om forordningar som straks får direkte verknad i medlemsstatane, vil det ikkje vere krav om nærare inkorporering i nasjonal rett for medlemsstatane. Noreg vil, dersom det blir konkludert med at forordningane er akseptable og skal innlemmast i EØS-avtala, måtte inkorporera dei (dvs. gjennomførast ord for ord) i nasjonal rett på vanleg vis.

EØS-/EFTA-landa starta tidleg arbeidet med å analysere dei to lovforslaga og har fylgt prosessen i EU tett. Saman har EØS-/EFTA-landa spilt inn felles EØS-/EFTA-posisjonar til EU-sida til forslaga om DMA og DSA. Den formelle prosessen med ei eventuell innlemming i EØS-avtalen startar først når dei to lovforslaga formelt er vedtekne.

Forslagsstillarane foreslår òg at regjeringa skal greie ut omfanget av og utfordringane rundt lagring av biometriske data på sosiale medieplattformer. Som nemnt over, fell òg dette inn under mandatet til Personvernkommisjonen. Kommisjonen skal greie ut kva konsekvensar bruk av sosiale medium har for innsamling, analyse og vidarebruk av personopplysningar, og foreslå tiltak for å sikre personvernet, medrekna moglegheita til den enkelte borgar for å vareta eige personvern. Dette er ei vid utgreiing, og innsamling av lyd og bilete vil vere omfatta. Eg antar derfor at kommisjonen vil omtale spørsmålet, og synest ikkje det er hensiktsmessig å setje i gang ytterlegare utgreiingar no, før vi har motteke Personvernkommisjonen sin rapport og sett kva funn og vurderingar dei har gjort.

Avslutningsvis viser representantane til at norske myndigheiter er flittige brukarar av sosiale medium i sin kommunikasjon med innbyggjarane, og foreslår strengare krav til personvern ved offentlege innkjøp av sosiale medieplattformer. Bruk av sosiale medieplattformer, slik

som Facebook og Twitter, som kanal for informasjon og dialog med innbyggjarane, er ikkje eit offentleg innkjøp etter dette særregelverket, men vil vere bruk av tenesta. Slik bruk har vore omdiskutert etter at Datatilsynet, i si vurdering om dei skulle nytte Facebook, kom til dei ikkje kunne nytte denne tenesta, fordi dei ikkje var sikre på om deira bruk ville vere i samsvar med personvernregelverket. Dei understreka likevel i si vurdering at dette var ei utgreiing som må gjerast for den enkelte verksemd, og at vurderinga kan falle annleis ut for andre. Såleis har til dømes Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) og NAV seinare, i sine utgreiingar, kome til at dei kan nytte Facebook.

Departementet ga òg, i supplerande tildelingsbrev i 2021, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) i oppdrag å sjå nærare på staten sin bruk og erfaringar med sosiale medium i den eksterne kommunikasjonen sin. DFØ presenterte funna sine i eit notat i mars 2022¹. Undersøkinga syner at dei fleste statlege verksemdene har tatt i bruk eit eller fleire sosiale medium, og da særleg Facebook, LinkedIn og Twitter. Blant dei sentrale funna er at det er høg bevisstheit rundt dilemma som følger med bruken av sosiale medium. Eit fleirtal av respondentane har anten løpande eller ved behov gjennomført vesentlegheits- og/eller risikovurderingar. Dette knyter seg først og fremst opp mot personvernregelverket. Det kjem òg frem at det er lite kjennskap til Digdir si rettleiing til forvaltninga om bruken av sosiale medium, og at det kan synest som det er behov for at staten tek eit noko meir aktivt og overordna ansvar i samband med råd og rettleiing rundt bruken av sosiale medium. Digdir er bedt om å vurdere korleis rettleiinga kan gjerast betre kjent og relevant, og korleis rettleiingsbehovet kan dekkast. Departementet har òg i Digitaliseringsrundskrivet sett inn eit krav til verksemdene om å risikovurdere bruken av sosiale medium.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

¹ [DFO-notat2022-2-Statens-bruk-og-erfaringer-med-sosiale-medier.pdf](#)



Statsråden

Justiskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/3683-6

1. november 2022

Dokument 8:167 S (2021-2022) - tilleggsspørsmål

Eg viser til Justiskomiteens spørsmål om ei oppdatering frå departementet på representantforslag 167 S (2021-2022) om betre personvern på sosiale medium, som eg svarte på i brev 29. april i år. Komitéen ber om ei oppdatering av svaret i og med at Personvernkommissjonen no har lagt fram sin rapport.

Eg fekk Personvernkommissjonens rapport 26. september. Rapporten inneheld meir enn 140 tiltak og anbefalingar, som eg ser frem til å arbeide vidare med. Blant anna viser fleire av forslaga til behovet for ein nasjonal personvernpolitikk. Dette samsvarer godt med punktet i Hurdalsplattforma om at regjeringa vil utarbeide ein nasjonal strategi og retningslinjer for personvern og digitalt privatliv. Eg vil om kort tid sende rapporten på høyring, slik at eg kan få innspel til forslaga frå høyringsinstansane, med sikte på blant anna å utarbeide ein nasjonal personvernstrategi.

Det er for tidleg å gi eit klart svar på korleis eg konkret vil følgje opp dei enkelte forslaga frå kommisjonen, og å seie noko meir konkret om innhald og form på ein nasjonal personvernstrategi. Eg vil no bruke tid på å vurdere forslaga. I arbeidet vil eg ta med meg innspela som kjem i høyringa. Eg meiner det er viktig med ei grundig oppfølging av kommisjonens rapport, og vil vurdere personvern i eit heilskapleg bilete. I denne samanhengen vil personvern på sosiale medium, sporing og overvaking av forbrukarar, barns personvern og deling av data, som forslagsstillarane peiker på, vere sentrale problemstillingar og ein naturleg del av arbeidet.

Eg vil òg nemne at Personvernkommissjonen har gått grundig inn i vurderingar kring personvernet til forbrukarar og sosiale medium. Kommisjonen peiker blant anna på utfordringar ved bruk av vanskelege personvernerklæringar, og meiner at slike erklæringar

ofte har liten praktisk verdi for forbrukarane. Dette er noko eg vil ta med vidare i arbeidet med oppfølginga av rapporten. Som nemnd i brevet mitt i april i år, meier eg òg at løysinga på fleire av personvernproblemstillingane må takast tak i gjennom europeisk og internasjonalt samarbeid, og ikkje er noko vi kan løyse aleine. Kommisjonen skriv òg dette, og peiker på behovet for internasjonalt samarbeid.

Avslutningsvis vil eg nemne at når det gjeld spørsmål om plattformsselskapa, er DMA (Digital Markets Act) og DSA (Digital Services Act) no vedteke i EU. Arbeidet med å vurdere om desse rettsaktene er relevante og akseptable for innleming i EØS-avtalen, vil no starte opp.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik